

INNSPEL ELLER TANKAR RUNDT EI MOGELEG UTVIDING AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK

Årdal jeger og fiskerforening meiner at Årdal kommune skal seie ja til utviding av Jotunheimen nasjonalpark og har i skrivet under forsøkt å underbygge dette.

Jotunheimen nasjonalpark vart etablert i 1980 og strekk seg over eit 1151 km² stort område i Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke, og Luster og Årdal i Sogn og Fjordane.

I 2008 Årdal søkte om å verte godkjende som Nasjonalparkkommune men fekk avslag. I 2019 sende dei inn ny søknad og i februar 2020 vart Årdal godkjent som nasjonalparkkommune.

Ein nøgd ordførar stod fram og håpa dette ville løfte Årdal som turistkommune. (Porten.no 17,februar 2020)

“Det tyder at kommunen aktivt skal leggja til rette for besøkjande som vil oppleva nasjonalparkane og områda rundt, samstundes som natur- og verneverdiar vert varetekne.

Alt dette må me som kommune sørgja for å få inn i dei planane me har, til dømes kommuneplanen. Målsetjinga med denne merkevara er at fleire skal besøka nasjonalparkane og at me skal gje betre vern av naturområda”, seier Marie-Helene Hollevik Brandsdal (Ap). (Sogn Avis 04.03.2020)

Dette er så følgt opp når kommunen la fram sin kommuneplan, samfunnsdel 2022-2030, som einstemmig vart godkjent i kommunestyret 16.06.2022.

Som nasjonalparkkommune har Årdal forplikta seg på å følgje eit sett av nasjonale kriterium. Samfunnsdelen i kommuneplan viser korleis desse kriteria er forankra i kommunen sine overordna styringsdokument og i prioriteringar og strategiar for dei ulike tema og sektorar. Det er dei samla strategiane og tiltaka som skal sikre at Årdal står fram som eit førebilete på å løfte statusen som nasjonalpark inn i den samla samfunnsutviklinga i kommunen. Står det under punkt **2.2 Årdal som nasjonalparkkommune**. Vidare er det følgjande delmål;

Delmål 1: Årdal kommune er ein tydeleg og attraktiv nasjonalparkkommune som går føre i å vise korleis statusen vert knytt til alle deler av samfunnsutviklinga

Delmål 2: Årdal styrkar innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv.

Delmål 3: Årdal har integrert arbeidet som nasjonalparkkommune i alle deler av samfunnet

Under punkt 2.8 Arealstrategiar under delmål 1. Arealbruken i Årdal kommune er klima og arealnøytral med tydelege utbyggingsgrenser.

Under tiltak for dette delmålet står det at dette når me ved:

- I randsonene til nasjonalparken legg til rette for tiltak som kan styrke nasjonalparken og vern av området.
- Nyttar kommuneplanens arealdel til å sette arealformål og omsynssoner for å sikre at verneområda og verneverdiane innanfor kommunegrensene vert teke i vare

September 2023 får Utladalen Naturhus tildelt autorisasjon som nasjonalparksenter etter klage på handsaming av søknad i Miljødepartementet.

Det står å lese på Porten.no 08.sept.2023; *“Dette er eit resultat av eit godt politisk handverk. Her har me, med ordføraren i spissen, gjort ein god jobb for å nå fram, seier den fungerande ordføraren”.*

Med det politiske og administrative engasjementet som er synt kring Jotunheimen nasjonalpark og rolla som Nasjonalparkkommune kan det sjå ut som om at det er sterk politisk vilje til utviding og vidare vern av Jotunheimen nasjonalpark.

Vern er viktig for å bevare eit sårbart økosystemer, sikre naturmangfoldet og bevaring av trua artar som finnes i området. Som Nasjonalparkkommune er det viktig å syne at Årdal tek del i arbeidet med å nå ein del av bærekraftmåla om å redusere tap av natur.

Det føreslåtte området ligg i ein av dei mest alpine områda i landet. Det er og ei av dei mest krevande områder å ha som leveområde for vilt.

Vi ser at stadige inngrep og forstyrringar av naturen fører til reduserte leveområder for vilt spesielt og at ein i større grad er avhengig av vern for å ivareta sårbare økosystem og sikre naturmangfoldet for framtida.

Dei områda som er foreslått utgreia ligg alle innanfor Vestjotunheimen villreinområde. Dette vert såleis også eit spørsmål om sikring av leveområde for villreinen. Om ein ser på kva som har skjedd med villrein sine leveområder over tid og kva det har medført, får ein eit bilete på kva som også vil skje og skjer med andre artar der areal vert redusert eller forstyrra av menneskelege aktivitetar.


Dei siste 100 åra har mennesket gjort beslag på og fragmentert villrein sine leveområder. Innanfor villrein sine leveområde finnes utallige artar som også vert påverka av inngrep og forstyrringar. Vi ser no at industribygginga kryp stadig høgare opp i fjellheimen og gjer beslag på areal som er sårt tiltrengt artar som lever under svært krevjande tilhøve.

Spørsmålet er:

Korleis ynskjer vi at vore etterkommarar skal oppleve naturen om nye 100 år?

Dette er eit bilete på endringar av høg fjellsnaturen dei siste 100 år.

FØR INDUSTRIELL REVOLUSJON



SISTE HUNDRE ÅR:


- Hovedveger
- Jernbanelinjer
- Kraftutbygginger
- Kraftlinjer
- Mindre veger
- Turisthytter
- Private hytter
- Merkede stier



VILLREIN NORGE I 2020



Det er skjedd utruleg mykje på relativt kort tid, dette ser ut til fortsette om ein ikkje set på nokre bremsar.



Forstå villrein sine krav til store leveområder.

Villreinen har ein helt anna arealbruk enn våre øvrige hjorteviltarter. Dette skuldast i hovudsak to tilhøver; villreinen sin flokkstruktur, og fordelingen av sesongbeitene i terrenget. Medan elg, hjort og rådyr berre unntaksvis opptre i større flokkar, er dette svært vanleg hjå villrein. Dette er ei åtferd som som ser ut å være eit godt forsvar mot rovdyr. En villrein flokk på fleire hundre dyr må såleis bruke eit areal som har tilstrekkelig med beite til heile flokken. Villreinens vår, sommer- og vinterbeiter er ofte geografisk atskilte, og fører til krav om stort arealbruk. Disse tilhøva har ført til reinens nomadiske livsførsel, der kvar enkelt rein ofte bevegar seg over heile det tilgjengelege arealet til bestanden i løpet av året. Enkeltindivid av rein vil såleis ha vesentleg større heimeområde enn kva ein finn for individ av skoglevende hjortedyr.

Fig. over illustrerer størrelsen på eit leveområde villrein er avhengig av i høve til dei andre hjortedyra, gjennom eit år.

Kvalitetsnorm for villrein.

Dei siste to åra har det vert jobba med Kvalitetsnorm for villrein i Noreg.

Vest-Jotunheimen villreinområde fekk gul – middels status. Årsaken er reduserte trekkpassasjer og middels tilgang på lavbeiter. Dette heng saman med at villrein er avhengig av å kunne forflytte seg mellom dei ulike beiteområda. I mange områder er lavbeitene svært viktige for reinen sin overlevelse om vinteren, spesielt i dei mindre villreinområdene. Mengden tilgjengelig mat vinterstid vert rekna for å være bestemmende for kor mykje villrein som kan være i eit område over tid. Lavbeitene veks sakte og kan bruke flere tiår på å hente seg inn att dersom de blir beita ned for mye. Det er derfor viktig å sikre dei viktige trekkpassasjane til villrein i Vestjotunheimen.

Jakt, fiske og friluftsliv viktig for bevaring

Vi ser at interessa for jakt, fiske og friluftsliv er viktige aktivitetar for å ha interesse for å ivareta naturen og det biologiske mangfaldet. Det at vi i Årdal har desse moglegheitene gjer at folk bryr seg og ynskjer å ta vare på dei opplevingane også for våre etterkomarar.

Vi ser også at når desse tilboda forsvinn eller vert redusert, gjer interessa det same, folk vert likegyldige. Folks bruk, kunnskap og stoltheit er viktig for å forvalte naturen på ein berekraftig måte framover.

Urørte eller inngreps frie områder er viktig for at oppveksande generasjonar skal forstå at ting heng saman og at endringar har konsekvensar.

Årdal og Luster er villreinkommunane i Jotunheimen nasjonalpark.

Ein god grunn til utviding av Jotunheimen nasjonalpark i Årdal er at det er kunn i Årdal og Luster sin del av Nasjonalparken at villrein har sine leveområder. Det er på denne sida ein må sikre at villreinen sine leveområder vert ivaretatt. Lom, Vågå og Vang er alle tamreinkommunar.

Naturen, politikarar og industrien treng forutsigbarheit

Norge har eit demokrati der dei politiske standpunkt ofte endrar seg med no-situasjon og påverknad frå kapitalkrefter som ynskjer enno større utnytting og inngrep i norsk natur. Norge prioriterar ofte å utnytte naturen sine ressursar framfor å bevare økosystemer og naturmangfoldet det gjer at vi er eit langt stykke frå å kunne oppnå bærekraftmåla som er satt for å beskytte og verne økosystemer. Vern vil sikre naturen, det biologiske mangfaldet og leveområde for allereie trua artar. Det vil gi forutsigbarheit for politikarar og arealplanleggarar, klare rammer.

Rekreasjon og turisme

Årdal er flinke på å legge til rette for turar og rekreasjon. Nasjonalparker gir likevel kommunen ein status som gjer at ein trekker fleire turistar til kommunen som og vil nytte seg av andre tilbod. Vern av natur gir folk muligheten til å oppleve naturen, samtidig som det kan gi økonomiske fordeler for lokalsamfunnet gjennom turisme samtidig med at ein beskyttar naturmiljøet.

Årdal kommune er Nasjonalpark- og villreinkommune, begge desse rollene forpliktar i desse tider da bevaring og bærekraft er tema. Tida for å sikre mot vidare nedbygging av naturen er no.

Å tenke utviding av Nasjonalpark og Landskapsvernområde er eit ansvar vi har for å sikre begge desse viktige vertspoppgåvene som Årdal kommune har. Skal Noreg nå måla i Hurdalsplattformen og dei internasjonale forpliktelsane vi har ifm FN`s bærekraftsmål, må omsynet til bevaring av naturen komme før omsynet til den enkelte bedrift, grunneigar eller organisasjonar sine enkeltbehov. Forsking og historien fortel oss at vi har nådd ei grense. Å utvide vernegrenser er eit bidrag til å sikre mot vidare nedbygging av vår fantastiske natur.

Mvh

Styret i Årdal jeger og fiskerforening

v/Vidar Moen

Leiar